



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining: Region vest Sakshandsamar/telefon: Marianne Skulstad / 55516253 Vår referanse: 16/113965-3 Dykkar referanse: Vår dato: 04.10.2016

Uttale til dispensasjonssøknad – gnr. 108 bnr. 84 – Lindås kommune

Vi viser til dispensasjonssøknad sendt til uttale 17.08.2016, om tilbygg på gnr. 108 bnr. 84 i Lindås kommune. Søknaden gjeld dispensasjon frå reguleringsplan for riving av garasjetilbygg og oppføring av nytt og utvida tilbygg til bustad.

Planstatus

Eigedomen ligg innafør reguleringsplan **Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad, endra**. I regulert område er det Lindås kommune som planstyresmakt som handsamer dispensasjonssøknad for alle offentlege veger. Statens vegvesen gir uttale til kommunen i saker som vedkjem riks- og fylkesveger.

Arealføremål for eigedomen er bustad. Byggegrensa mot både fv. 57 og fv. 400 er i praksis omrisset av eksisterande bygg.

Generelle krav til avstand frå veg

Krav til avstand frå veg er regulert i veglovens § 29. I tillegg er *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest* retningsgivande for vår vurdering.

- Fv. 57 har holdningsklasse 2 i *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser på riks- og fylkesvegar i Region vest*. Vegen er ein viktig hovudveg med regional og overordna lokal funksjon, og byggegrensa langs slike veger er normalt 50 meter.
- Fv. 400 har haldningsklasse 3 i rammeplanen. Vegen er ein viktig lokalveg med lokal samlevegfunksjon. Byggegrensa langs slike veger er normalt 30 meter.
- Av veglovens § 29 femte ledd følgjer det at ved kryss i plan mellom to fylkesvegar skal byggegrensa følgje den rette lina mellom punkt på midtlina åt vegane 60 meter frå skjeringspunktet mellom vegane.

Krav til avstand frå nabogrensa er minst 4 meter, jf. plan- og bygningslovens § 29-4.

Omsøkt tiltak

Søkjer ønsker å byggje bodar og carport 21,4 meter frå midtlina på fv. 57, det er 1,9 meter nærare enn i dag. Avstand frå tiltaket til eigedomsgrensa i nordaust vert 1,9 meter.

Avstanden frå midtlina på fv. 400 er 9,6 meter. Det er ca. 0,5 meter nærare enn i dag. Avstand til eigedomsgrensa i søraust vert 0,4 meter, og det vil i praksis ikkje vere mogleg å stå på eigen eigedom ved vedlikehaldsarbeid.

Omsyn til framtidig vegutbetring

Etter veglovens §29 er føremålet med byggjegransene mot veg å ta vare på dei krava som ein må ha til vegsystemet og trafikken, og til miljøet på eigedom som grenser opp til vegen. Byggjegransene skal sikre nok areal for framtidige vegutviding, vegutbetring, tilhøve for mjuke trafikantar og mindre omleggingar. Det kan elles verte vanskeleg å gjere naudsynte utbetringstiltak, og dei samfunnsmessige konsekvensane aukar.

Reguleringsplanen for området har sett ei byggegrense som er mykje nærare vegen enn rammeplanen legg opp til. Etter vårt syn bør det ikkje dispenserast ytterligare.

Bustadeigedomen ligg ved kryss mellom fv. 57 og fv. 400. I dag er det om lag 1400 køyretøy pr. døger som svingar av/på frå fv. 57 til fv. 400. Krysset er delvis kanalisert, ved at det er venstresvingefelt for trafikk frå sør, medan det ikkje er høgresvingefelt frå nord. Etter vårt syn bør ein ikkje tillate meir bygging inn mot krysset, fordi det gjer ei seinare ombygging/opprusting av krysset vanskeleg. Det same gjeld bygging av eit eventuelt tilbod til mjuke trafikantar.

Konklusjon

Statens vegvesen ber om at Lindås kommune ikkje gir dispensasjon frå byggegransene langs veg for omsøkt tiltak.

Statens vegvesen Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN